

Samnanger Næringsforum
(Org. No 992 811 870 – Enhetsregisteret)

Til: Norges Vassdrag –og Energidirektorat (NVE)
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Årland 20.09.2012.

Aldal Kraft AS – Søknad om løyve til Aldalselva kraftverk i Samnanger kommune, Hordaland – høyring. Dykkar ref: NVE 201104255 – 12 kv/firh datert 13. august 2012.

Me viser til dykkar brev datert 13. august d.å. der blant andre Samnanger Næringsforum vert anmoda om å koma med fråsegn til ovanfor nevnte søknad.

Søknaden vart handsama på styremøte i Næringsforumet 10. september 2012. Møte kom fram til fylgjande fråsegn:


Så langt styret i Næringsforumet kan vurdera, har tiltakshavar fått utarbeid eit grundig og omfattande grunnlag for å belysa negative og positive sider ved ei eventuell utbygging. Som næringslivsorganisasjon støttar styret aktivitar i kommunen som bidreg til næringsutvikling. Dette gjeld og Aldal Kraft AS sine planar om småkraft i Aldalselva.

Styret i Næringsforumet er derimot usikker på kva negative miljøkonsekvensar ei regulering vil ha for Fitjavatnet som drikkevatt- kjelde for kommunen. Likeeins ser ein klart negative konsekvensar for friluftsliv og naturopplevingar i området, både sumar og vinter, dersom Fitjavatnet vert eit regulert fjellvatn.

Tiltakshavar hevda i rapporten at reguleringa av Fitjavatnet skal haldast innafor eigenregulering av vatnet. Styret i Næringsforumet er likevel usikker på kva konsekvensar ei oppdemming av vatnet vil ha, og ber om at dette vert nøye vurdert ved vidare handsaming av søknaden.

Med beste helsing

For Samnanger Næringsforum


Tone Tysseland Holmefjord

Cc. Samnanger Kommune